



Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/8308-1

Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ugt Entreprenørskap 2019

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ugt Entreprenørskap Sogn og Fjordane for 2019 vert godkjend.
2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å signere avtalen med Ugt Entreprenørskap.

Vedlegg:

Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Ugt Entreprenørskap Sogn og Fjordane for 2019

Andre relevante dokument i saka:

Årsmeldingar og anna informasjon frå UE som er å finne på UE si nettside

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane (UESF) og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt avtale om årleg støtte på 900 000 kroner. I tillegg har det vore nytta klimamidlar til ein eigen avtale med UESF.

Det er no laga framlegg til ein ny avtale for 2019, som også omfattar klimamidlar som plansjef disponerer.

Avtalelengd og økonomi

Sidan 2012 har det vore inngått toårige avtalar med UESF. Dette er å føretrekke, men på grunn av fylkessamanslåing ser vi ikkje grunnlag for å gå inn i ein ny toårig avtale no. I 2019 må det heller jobbast vidare med avtale for Vestland. Dette er i tråd med budsjett 2019/økonomiplan 2020-2022. Her er det sett av kr. 900 000 til avtale med UE for 2019.

Innan klimaområdet har det tidlegare vore samarbeidsavtale med UESF. Det er ynskjeleg å samle avtalane med UESF i ein avtale, og det er lagt opp til å legge inn kr. 50 000 i klimamidlar i avtalen frå 2019.

Samla avtalesum vert difor kr. 950 000 for 2019.

Historikk og Ungt Entreprenørskap sin aktivitet

UE er ein landsomfattande organisasjon som gjennom samarbeid med skular, næringsliv og andre aktørar jobbar for å utvikle kreativitet og skaparglede hos barn og unge. Sentralt i UE sine aktivitetar er bedriftsprogramma elevbedrift (grunnskulen), ungdomsbedrift (vidaregåande skule) og studentbedrift (høgare utdanning). Sjå meir informasjon på nettsida www.ue.no/Sogn-og-Fjordane.

UE i Sogn og Fjordane er organisert som ei stifting, og vart oppretta i 2000. Fylkeskommunen var ein av stiftarane saman med landbruksavdelinga til Fylkesmannen, Innovasjon Norge, Høgskulen i Sogn og Fjordane og NHO Sogn og Fjordane.

Fylkestinget vedtok i 2011 ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og UE for åra 2012-2014. Etter dette gjekk fylkeskommunen inn i nye samarbeidsavtalar med UE i 2015-2016 og 2017-2018. Storleiken på avtalene har vore på 900 000 kroner årleg sidan 2012.

Avtaleinhald

Det er bygd vidare på dei tidlegare avtalane. Frå 2019 er tema klima, berekraft og miljø enno meir sentrale enn tidlegare. Å bygge opp under satsing på grøn omstilling og samarbeid mellom bransjar skal prioriterast i tråd med rullert verdiskapingsplan.

Avtalen er meint å definere felles mål og retning for vidare arbeid. Avtalen bygger på det godt etablerte samarbeidet, handlingsplanen til Ungt Entreprenørskap og målsetjingane i regional plan for verdiskaping og regional plan for klimaomstilling, samt Mot nye høgder! Handlingsprogram 2018-2019 for opplæringssektoren.

Vurdering

Ungt Entreprenørskap er ein organisasjon som fylkeskommunen har samarbeida med over ein lengre tidsperiode. Avtalen er godt forankra i verdiskapingsplanen, plan for klimaomstilling, og opplæringssektoren sitt handlingsprogram. Avtalen er utarbeidd av partane i fellesskap, og fylkeskommunen har vore representert med deltagarar både frå næring, klima og opplæring.

Det er viktig å fremje entreprenørskap i grunnskulen, vidaregåande og høgskulen. UE er det beste verkemiddelet fylkeskommunen har for å følgje opp dette arbeidet. I tillegg er dei ein del av eit større nasjonalt nettverk som gjer at programma deira er aktuelt og faglig oppdatert.

Tilråding

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å godkjenne den nye avtalen med Ungt Entreprenørskap.